

Fritidstilskot til barn og unge 6-18 år

Samnanger kommune er opptatt av at alle barn som ønsker skal få delta i fritidsaktivitetar uavhengig av økonomisk situasjon. Det at barn og unge får delta i fritidsaktivitetar er ei viktig kjelde til fellesskap, identitet og meistring.

Fritidstilskot er for familiar som opplever at barnet/barna deira ikkje kan delta i fritidsaktivitetar av økonomiske årsaker.

Kva kan ein söke om tilskot til?

Det vert gitt tilskot til fritidsaktivitetar for barn i aldersgruppa 6-18 år. Søknader og utbetaling av tilskot vert handsama fortløpande.

Ein kan til dømes söke om tilskot til:

- Medlemskontingent
- Elevkontingent
- Kurs/cup/leir
- Nødvending trening-/øvingsutstyr og/eller klede
- Inngangsbillettar til kino m.m.

Korleis söke?

Ordninga er tillitsbasert. Det vert ikkje stilt krav til dokumentasjon av privatøkonomi.

Ein søker om fritidstilskot ved å fylle ut søknadsskjema (digital lenke) og sende det til tenesta familielos i Samnanger kommune.

Handsaming av søknad

Søknaden vert handsama som delegert vedtak ved eining for livsmeistring. Søknader vert handsama fortløpande og ein kan venta utbetaling for godkjente søknader innan fortrinnsvis fem verkedagar etter mottatt søknad.

Søknad vert sendt inn via digitalt søknadsskjema på www.Samnanger.kommune.no.
Klikk deg inn på fana Kultur og aktivitetar.

**For søknad kan ein òg ta kontakt med familielostenesta
for søknad eller spørsmål:**

Mail familielos@samnanger.kommune.no
Tlf. 48 48 10 89



**Samnanger
kommune**